



Tonny Haugland
Rossland 1
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/1253 - 15/9814

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
19.05.2015

Godkjenning - fritak frå feie-/tilsynsgebyr gbnr 47/83 på Rossland.

Administrativt vedtak. Saknr: 163/2015

Saksutgreiing:

Det er i skriv, dagsett 27.04.2015, søkt om fritak frå feie-/tilsynsgebyr for bustadhus på gnr 47, bnr 83, på Rossland. Søknaden er grunngjeven med at eldstaden/oven no er fjerna og at det dermed ikkje lenger er behov for feiing.

Vurdering:

Til no har kommunen praktisert at alle som kan dokumentere at husværet ikkje har eldstad av noko slag, kan etter søknad, sleppe å betale feie-/tilsynsgebyr. Dette er og gjeldane for 2015. Etter ny lovpålagt forskrift, har kommunane innført feiing etter behov. Dette tyder at feiing skal skje når det er naudsynt med feiing, men likevel slik at skorsteinen skal feiast minst kvart 4. år uansett bruk.

Innspart tid med feiing etter trong, skal nyttast til inspeksjon av husværa der feiaren gir råd og rettleiing for å unngå brann. Denne tenesta er uavhengig om husværet har eldstad eller ikkje, og kostnaden skal dekkast inn gjennom feie-/tilsynsgebyr.

Administrasjonen har vurdert eigar av gnr. 47 bnr. 83 sine opplysningar som relevant dokumentasjon for å gje fritak.

Vedtak

«Meland kommune godkjenner at det frå 01.01.2016 vert gjeve fritak frå feie-/tilsynsgebyret for Dykkar bustad på gnr. 47, bnr. 83 i samsvar med søknad dagsett 27.04.2015. Dersom eldstad vert montert må det straks gjevast melding hertil.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Feiaren i Lindås og Meland

Mottakere:

Tonny Haugland

Rossland 1

5917

ROSSLAND